

MELAND KOMMUNE  
næring og tekniske tenester

Komm.avd. for natur -

5906 FREKHAUG  
Tlf 56171160  
Fax 56 17 11 61

## Elektronisk post til Meland kommune

Til: Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Fra: Anny Bastesen, ,

Vår ref.: 07/1525-15

Arkiv: 548, 634 Dato: 28.08.2009

## VS: KONTROLLUTVALET - BREV FRÅ MIDTRE HOLSNOY GRUNNEIGARLAG

Fra: Næss, Bent Gunnar  
Sendt: 12. august 2009 10:31  
Til: Anny Bastesen, Helge Thorsen  
Kopi:

rifsgaar@online.no Emne <mailto:rifsgaar@online.no Emne>: Kontrollutvalet - brev frå  
Midtre Holsnøy Grunneigarlag

Kontrollutvalet har fått eit brev 10.06.09 med vedlegg frå Midtre Holsnøy Grunneigarlag, sjå vedlegg. I brevet vert kontrollutvalet oppmoda om sjå på korleis kommunestyret sitt vedtak 15.11.99 - sak 115/99 og 10.10.07 - sak 090/07 er følgt opp.

Kontrollutvalet skal ha sitt neste møte fredag 4. sept kl 08.30 så saka vert satt opp på sakslista på det møte.

For å kunne legge fram denne saka for kontrollutvalet så bør den vere så godt opplyst som mogeleg. Derfor ville det vere ønskjeleg om administrasjon kunne gi ein uttale til brevet frå grunneigarlaget datert 10.06.09, dersom ein har nokon kommentarar til det som står der. I brevet er det ein del påstander om administrasjon si handsaming i saka og det er referert til samtalar med administrasjon, det gjeld spesielt den erklæringa som kommunen har signert, sjå vedlegg 6.

Når det gjeld kommunen si signering av erklæringa, vedlegg 6 så ønskjer ein å få tilsendt alle dokument og kommunen si saksutgreiing som gjeld dette - det vil mellom anna sei inngåande brev frå, utgåande brev og kommunen si saksutgreiing.

Det kunne også vere ønskjeleg å få litt meire utdypende forklart kva som ligg i avsnitt 3 i brevet frå kommunen 19.05.09 - 'Kommunen si erklæring i januar 2009 ???'.

Dersom det er andre dokument som kontrollutvalet bør vere kjent med så ber eg også om å få dei tilsendt.

Har saka vore oppe til handsaming i Utval for drift og utvikling no i 2009?

For å få dette sendt ut til kontrollutvalet ber eg om å få svar innan onsdag 26. august.

Ta kontakt dersom det var noko som var uklart.

Mvh

Bent Gunnar Næss

Sekretariatsleiar

bent.gunnar.naess@nhr.no <mailto:bent.gunnar.naess@nhr.no>

Tlf 48 12 46 23

Postb 16

5902 Isdalstø

# MIDTRE HOLSNØY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rossland - Tlf.: 45066764 - e-post: [bj-skin@online.no](mailto:bj-skin@online.no)  
heimeside: <http://www.grunneigarlaget.mos.no>

Meland kommune  
Kontrollutvalget v/Magne Rifsgård  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

Midtre Holsnøy Grunneigarlag består av 50 medlemmar som er grunneigarar i området rundt Rylandsvassdraget. I samarbeid skal laget forvalta og nytta dei verdiane som ligg i området m.o.t. Småviltjakt, fiske og friluftsliv.

På styremøte 09.06.2009 bestemte vi at laget skal sende brev til kontrollutvalet om ei sakbehandling i Meland kommune som uroar laget. Saka ligg ved. Ein del dokument ligg som vedlegg. Øvrige dokument kan finnast på vår heimeside: <http://www.grunneigarlaget.mos.no>

Vi håper Kontrollutvalet har høve til å behandla saka så snart som mulig og helst før sommarferien.

10/6 2009  
For Midtre Holsnøy Grunneigarlag

*Bjarte J. Skintveit*

Bjarte J. Skintveit  
Leiar

# MIDTRE HOLSNØY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rosslund - Tlf.: 45066764 - e-post: bj-skin@online.no  
heimeside: grunneigarlaget.moo.no

Meland kommune  
Kontrollutvalget v/Magne Rifsgård  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

## SPØRSMÅL OM MELAND KOMMUNE HANDLAR I TRÅD MED EIGNE KOMMUNESTYREVEDTAK.

Dette tar utgangspunkt i saka der grunneigarlaget har påpeika overfor Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) at smoltanlegget, som ligg i utløpet av Rylandsvatnet, ikkje har utført arbeidet med legging av ny inntaksledning etter vilkåra i NVE sitt løyve av 2001.

NVE har valt å akseptera slik røret ligg sjølv om det er i strid med deira eige vedtak. Grunneigarlaget har klaga NVE si avgjerd inn for Olje og energidepartementet (OED) og saka er under behandling.

Vi har også tidlegare – den 16.09.07 meldt inn ei sak til kontrollutvalget. Utfyllande opplysningar om forholda kjem fram der.

Meland kommunen sitt syn på korleis dei meiner røret burde vert lagt kjem fram av kommunestyrevedtak 15.11.99.: **"KS 115/99 SAMRØYSTES VEDTAK: Kommunestyret kan tilrå utvida konsesjon i samsvar med søknad dagsett 22.04.99 på følgjande vilkår: 1) Den omsøkte leidningen skal sprengjast/gravast ned i elveutløpet slik at den ikkje vert synleg frå land"** (Vedlegg 1) og 10.10.07.: **"KS 090/07 VEDTAK (MOT 1 RØYST): Meland kommunestyre syner til sitt vedtak i møte 15.11.99, - uttale til søknad frå Salar Smolt AS om konsesjon for produksjon av settefisk. Eitt av vilkåra Meland kommune sette for å tilrå konsesjon var at den omsøkte leidningen skal sprengjast/gravast ned i utløpet slik at den ikkje vert synleg frå land. Leidningen vart lagt ned i 2006. Etter dette har både Midtre Holsnøy grunneigarlag og andre innbyggjarar i kommunen meldt frå om at leidningen ikkje er lagt slik det er sagt i konsesjonen. Komité for kommunalteknikk, miljø og landbruk har 25. september 2007 vore på synfaring og konstaterer at leidningen ikkje er lagt slik at den er skjult. Den er tvert i mot godt synleg enkelte stader, og er såleis både skjemmaende og til hinder for aktivitetar som fiske. Rylandsvassdraget er eit verna vassdrag som er mykje brukt som rekreasjonsområde. Meland kommunestyre ber NVE syte for at leidningen vert lagt i tråd med vilkåra gjeve i konsesjon av september 2001."** (Vedlegg 2)

I brev frå NVE til OED 17.03.09 kom vi over ein oppsiktsvekkande påstand der dei skriv:

**"Det går fram av konsesjonæren sin dokumentasjon at det ligg føre erklæring frå alle grunneigarar som er direkte berørt av arealbruk knytt til legging av den aktuelle vassleidningen til settefiskanlegget.**

**Desse grunneigarane presiserer at dei ikkje har merknader til måten leidningen er lagt ned på og at dei ikkje er partar i klagesaka."** (vedlegg 3)

Vi var kjende med at kommunen hadde eigedommar på begge sider av Rylandselva og tok 26.03.09. kontakt med kommunalsjef Anny Bastesen og stilte spørsmål om ho hadde kjennskap til om kommunen hadde underteikna på ei slik erklæring. Ho kunne ikkje svare på det, men ho såg ikkje noko gale i om kommunen hadde underteikna på ei slik erklæring, og trudde det ikkje ville ha noko å seie for klagesaka vår. Vi leverte eit brev der vi ba om skriftleg svar på det same. (vedlegg 4) Det går nesten to månadar før vi får svarbrev på dette.

Kommunen har eigeendom blant anna der Rosslund skule og omsorgsboligane ligg. På Rylandsida er det 3 eigeedommar. Til saman ca 600 m strandline der leidningen ligg feil i høve til NVE sitt løyve og kommunen sine kommunestyrevedtak. (vedlegg 5)

I mellomtida får grunneigarlaget erklæringa tilsend frå OED 29.04.09. Den er underteikna av 11 grunneigarar langs Rylandselva. Ein av desse er Meland kommune v/ J. Bjordal. I teksten står det blant anna: "..... Jeg/vi har ingen merknader til måten ledningen er nedlagt på, ....." (vedlegg 6)  
Det er Advokatfirmaet Rasmussen & Broch v/ Agnar E Sundbotten som på vegne av Salar Bruk AS og Alsaker Fjorbruk AS som har send erklæringa i lag med brev til NVE der dei trekker i tvil vår partsinteresse i klagesaken på bakgrunn av nemnte erklæring. NVE har så sendt spørsmålet vidare til OED der denne erklæringa no er knytt til klagesaka. Det går fram frå denne erklæringa at Meland kommune ikkje har merknadar til måten inntaksledningen ligg i elva. Dette er i strid med tidligare kommunestyrevedtak. Kva må OED tru om Meland kommune?

Vi tar saka opp med politikarar. Ordførar er oppgitt og gjev utrykk for at han vil forklare situasjonen i eit brev til OED. Han vil også ta saka opp med Rådmann.

20.05.09 får vi svar frå kommunalsjef Bastesen, som hevdar at erklæringa som kommunen har underteikna ikkje handlar om konsesjonsvedtektene, og at kommunestyret sin uttale vedk. konsesjonsvilkåra er ikkje endra. (vedlegg 7)

Grunneigarlaget er usikre på kva kommunen eigentlig meiner og ringer til Kommunalsjef Anny Bastesen og Rådmann Helge Thorsen. Bastesen seier to kan ikkje gjere meir. Rådmann seier at kommunen har to roller i dette: Forvaltar og eigar. Han meiner at kommunen ikkje treng å ha same mening i desse to rollene og at dei som eigar kan handla mot eigne kommunestyrevedtak. Han forsvarer dermed at kommunen har skrive under på ei erklæring som er i strid med kommunestyrevedtak. Vi får ikkje svar på om Bjordal i det heile hadde fullmakt til å skrive under på erklæringa.

28.05.2009 skriv Ordførar eit brev til OED der han presiserer at kommunestyrevedtak av 10.10.2007 står ved lag. (vedlegg 8)

Grunneigarlaget er uroa over administrasjonen si oppfølging av eigne kommunestyrevedtak og skuffa over manglande støtte til vår sak. Vi ser også ein fare for at når konsesjonshavar skal i gang med fleire tiltak i vassdraget kan det skje uregelmessigheter utan at kommunen vil reagere.

Grunneigarlaget er små aktørar mot ei millionbedrift som Salar Bruk AS er. Rørsaka har vore svært arbeidsam for laget og det er svært skuffande å oppleve den manglande støtta som det offentlege har vist. Vi skulle gjerne brukt ressursane på andre ting. Vi i grunneigarlaget ønskjer berre å ta vare på våre rettar og ressursar, og sikra at vassdraget også i framtida vil ha det mangfaldet som det er kjend for. Skal ein grunneigar utføra tiltak på sin eigeendom må han ta omsyn til lovar og reglar, og føl han ikkje dei så vert det reagert kraftig, ofte med riving eller omarbeiding som resultat. Det synest som Salar Bruk AS får gjere nett som dei vil.

**Kontrollutvalet må greia ut om Meland kommune kan handle mot eigne kommunestyrevedtak slik det er gjort her med underskrift på erklæring og Rådmann sin uttale.**

**Dersom det her gjort ein feil så krev vi at kommunen viser ansvar og syter for å trekka denne underskrifta frå erklæringa. Dette må ordnast mot alle instansar som har motteke erklæringa.**

**Det vil vere å forvente at kommunen, når ein veit deira syn på plasseringa av inntaksledningen, støttar opp om vår klagesak og eigne kommunestyrevedtak.**

**Kommunen må gjera alt dei kan for å få orden på forholda i Rylandselva.**

MVH  
Midtre Holsnøy Grunneigarlag

Bjarte J. Skintveit

v/Bjarte J. Skintveit

leiar

10.06.2009

8 vedlegg

- 1- kommune saksmappe - 99
- 2- " " " " - 07
3. NVE 17/3-09
4. MHGL 27/3-09
5. Kart over elva
6. Salar 20/1-09 - partsint. og erklæring.
7. komm. 19/5-09 svar til MHGL
8. Brev fra Ordfører. til OED